



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/012613-002

Dykkar referanse:


Vår dato:
12.02.2015

Søknad om løyve til plassering av benk og bord langs fv. 564 - Meland kommune

Vi viser til dykkar brev dagsett 20.01.2015.

Statens vegvesen er positivt innstilt til søknaden om å plassere benk og bord ved gang- og sykkelvegen langs fv 564. Før vi tek endeleg stilling til søknaden, ber vi om å få tilsendt eit meir detaljert kart som viser plasseringa av møblane. Møblane må plasserast så langt frå kanten av gang- og sykkelvegen at dei ikkje hindrar drift og vedlikehald, m.a. knytt til kantslått og snørydding. Det er også viktig at det er gode siktilhøve mellom gang- og sykkelvegen og atkomsten til kvileplassen.

I kartet som de har lagt ved søknaden, er det avmerka eit areal like ved ei opning i rekkverket (like ovanfor avkøyrsløp på motsett side av vegen). Vi er usikre på om føringane våre ovanfor kan imøtekomast ved plassering av møblar på denne staden. Litt lenger nord er det eit flatare parti langs vegen, som vi vurderer at kan vere eit alternativ. Dei to områda er merka av og kommenterte på biletet nedanfor.



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi legg til grunn at kommunen vil ha ansvaret for vedlikehald av møblane. Dersom det viser seg at det vert behov for søppelspann på staden, vil vi i ettertid kunne kreve at kommunen plasserer ut eit slikt, og har ansvaret for regelmessig tømning av det.

For vidare avklaringar kan de ta kontakt med Solfrid Vigdis Kvamme, Nordhordland trafikkstasjon tlf 96236931, solfrid.kvamme@vegvesen.no.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam